



STRYN KOMMUNE
Rådmannsavdelinga

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	Doknr:
2008/002110-184	
Mottatt:	09 MAI 2008
Saksb/	Ark: ASR
Kopi:	475
	Avskr.:

Vår ref.
08/128-3/ V60 // ANH

Dykkar ref.

Dato:
06.05.2008

Høyring - Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova vedrørende reglar om bu- og driveplikt m.m.

Eg viser til høyringsbrevet dykkar av 05.02.08.

Stryn formannskap drøfta saka i møte 30.04.08 og gjorde slikt vedtak:

Stryn kommune ser positivt på at regelverk for bu- og driveplikt vert forenkla og dei ulike lovverka blir samordna, slik forslaget legg opp til. Vi er usikre på om regelendringa vil medføre store innstramingar i høve til slik ordninga er i dag, men vi meiner det vil bidra til at lovverket blir enklare og lettare å forholde seg til.

Vedlagt fylgjer utskrift av formannskapet si møtebok, sak 104/08.

Med helsing,
Anders Heggdal
Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 48 50

Kopi til jordbrukssjefen, her



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 104/08	Formannskapet	30.04.2008

Ref: 08/128 -2 Ark. V60
Sakshandsamar: Ellen Kirkeeide

Høyring - Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova vedrørende reglar om bu- og driveplikt m.m.

Presentasjon:

Landbruks- og matdepartementet foreslår nye reglar for bu- og driveplikt som skal vere enklare og tydelegare, og ber om uttale m.a. frå kommunane. Høyringsfristen er sett til 05.05.08.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Odelslova av 28.06.74
Jordlova av 12.05.95
Konsesjonslova av 28.11.03

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsbrev frå LMD, datert 05.02.08
- samandrag av endringane, presentert i pressemelding 05.02.08

Ikkje vedlagt:

- Høringsnotat. Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven. Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m. Landbruksdepartementet, 5. februar 2005.
Kan finnast på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

Saksopplysningar:

Framlegget til lovendringar tek sikte på å oppnå reglar som skal vere meir målretta, enklare å forstå og lettare å forutseie. Etter departementet sitt syn vil det også innebere ei innstramming av regelverket. Dei fleste reglane gjeld bu- og driveplikt, men det vert òg foreslått endringar i konsesjonsplikta og odelsretten sitt omfang og i reglane om forhold som er av betydning for

om det skal gjevast konsesjon. Føremålet er m.a. å sikre fast busetnad på landbrukseigedomane heile året, hindre omdanning frå landbruk til fritidsbruk og å sikre produksjonsevna på matproduserande areal.

I korte trekk er forslaga slik:

- Reglane for buplikt etter odelslova vert i hovudsak flytta til konsesjonslova, og reglane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytta til jordlova.
- Buplikt skal oppstå ved overtaking av bebygd eigedom over 25 da dyrka mark, eller over 350 da produktiv skog.
- Konsesjonsplikt skal oppstå ved overtaking av bebygd eigedom over 25 da dyrka mark. Arealgrensa på 100 da totalareal vert som i dag.
- Kravet til odlingsjord blir 25 da dyrka mark eller 350 da produktiv skog.
- Arealgrensene vert avgjerande når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller det dreiar seg om odlingsjord. Det vil seie at det korkje etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogeigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift"
- Den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs at høvet til å søkje fritak frå buplikta fell bort, og at det vert gjeve nærare reglar for konsesjonsvurderingane i desse tilfella.
- Det skal gjevast nærare reglar for vurderinga av om det skal settast vilkår om buplikt ved konsesjon.
- Buplikta kan berre oppfyllast ved at eigaren vert registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen ("50%-regelen" fell bort)
- Driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønnsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig.
- Slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet bed òg om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved overtaking av utmarkseigedom.

Vurdering:

Regelendingane er omfattande, og det er utarbeidd eit høyringsnotat på 80 sider. I første rekkje vil endringane medføre ei "opprydding" i arealgrenser innafor dei ulike lovene, og det skal nyttast arealgrenser i staden for vurdering av avkastningsevne eller andre lite eksakte storleikar når ein skal gjere vurdering av m. a. buplikt.

Det er ein stor fordel at arealgrensene etter dei ulike lovene vert samordna. Slik det er no er dette svært uoversikteleg, og vanskeleg for folk å halde greie på. Det er også ryddig at omgrepet dyrka mark vert gjennomført i alle lovene, og at ein går bort frå å nytte ulike nemningar som fulldyrka jord og jordbruksareal.

At ein hevar arealgrensa frå 20 da fulldyrka jord til 25 da dyrka jord vil ha lite praktisk betydning i vår kommune når det gjeld tal eigedomar som vert omfatta av buplikt. Praksis i kommunen dei siste åra viser elles at landbrukseigedomar av denne storleik vanlegvis blir vurderte til å ha så lita avkastningsevne at dei ikkje er blitt omfatta av regelverket.

Det er få eller ingen lovsaker i landbruksforvaltinga i kommunen som tek så mykje tid som bupliktsaker. Vi har stadig saker som kjem igjen og igjen, både som klagesaker og som søknader om ny utsetting, eller begge deler. At der er så mange faktorar som skal vurderast og

gjev rom for skjønn, gjer det også vanskeleg for sækjarane å forstå utfallet av ei sak. Vi har også ein del førespurnader frå folk som ynskjer å overta landbrukseigedom, og lurar på om dei kan rekne med å få fritak frå buplikt. Det kan det i mange tilfelle vere vanskeleg å gje eit klart svar på.

Slik regelverket er no kan odelsberettiga og nære slektningar overta eigedomar konsesjonsfritt. For landbrukseigedomar er det eit vilkår at ein buset seg på eigedomen innan eit år. Dersom ein ikkje kan eller vil busette seg, er det i lovverket opna for at ein kan sækje varig eller tidsavgrensa fritak frå buplikta. Lovendringsforslaget går ut på at ein kan overta landbrukseigedom over ein viss storleik ved odel/slektskap konsesjonsfritt dersom ein buset seg på eigedomen. Dersom ein ikkje vil bu på eigedomen, må ein sækje konsesjon. Dette vil medføre at ein får avklara busettingsspørsmålet før eigedomsoverdraginga skjer, og det blir vanskelegare å skubbe buplikt framføre seg. Endringa kan nok opplevast som streng for dei som ikkje tenkjer å busette seg på eigedomen dei skal overta, men vil tvinge fram at ein på førehand tenkjer gjennom kva plikter og ansvar som føl med ei overtaking av landbrukseigedom. Det meiner vi vil vere nyttig.

50%-regelen har vore nytta ein gong i Stryn kommune. Regelen som seier at buplikta i spesielle tilfelle kan oppfyllest ved at ein overnattar minst 50% av tid på eigedomen er svært vanskeleg å følgje opp. Vi meiner at denne regelen med fordel kan takast bort .

I praksis vert driveplikta oppfylt som om ho er varig, slik lovforslaget går ut på. Stort sett er alle drivverdige areal i kommunen i drift, og det vil ikkje innebere særlege endringar ved å innføre varig driveplikt.

Kommunen har få eller ingen reine utmarkseigedomar av den storleik det eventuelt kan innførast buplikt på. Dette spørsmålet overlet vi til andre å ta stilling til.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune ser positivt på at regelverk for bu- og driveplikt vert forenkla og dei ulike lovverka blir samordna, slik forslaget legg opp til. Vi er usikre på om regelendringa vil medføre store innstramingar i høve til slik ordninga er i dag, men vi meiner det vil bidra til at lovverket blir enklare og lettare å forholde seg til.

Handsaming i Formannskapet 30.04.2008.

FO-104/08 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.


Harald Rishes

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo